



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 01.12.2011
Vår ref.: 2011/7456
Arkivnr.: 008

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
N-4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høringsfråsegn NOU 2011: Mat, makt og avmakt - om styrkeforholdene i verdikjeden for mat

Vi viser til høyringsfråsegn frå NCE Culinology der Fylkesmannen i Rogaland er ein av partnarane. Vi ønskjer å nytte høve til å komme med ei tilleggfråsegn.

I dei siste 15 – 20 år har det blitt brukt mykje ressursar både menneskeleg og økonomiske (BU-midlar, VSP-matmidlar og andre offentlege midlar) til å skape auka mangfald av produkt basert på lokale råvarer og lokal matkultur. Bakgrunnen for denne langsiktige satsinga var forbrukarane sine ønske om auka mangfald, og fridom til å velje produkt. Det blei ofte drege samanlikningar med internasjonale forhold.

Forsking og utvikling av nye produkt er kostnadskrevjande oppgåver for verksemdene. Fylkesmannen sitt bidrag har mellom anna vore å stimulere til auka bruk av forsking og innovasjon for å oppnå og stadfeste særpreg og høg kvalitet, - dette for å oppnå produktifferensiering der produsentane kan ta ut ein meirverdi.

Utviklinga innan kjededanning med kontroll av leverandørar, distribusjons- og salsleddet, kan føre til at forsking, utvikling og innovasjon ikkje blir prioritert i same omfang som nå. Spørsmålet er om auka kjededanning fører til færre produkt og i større grad til uttak av stordriftsfordelar knytt til større volum på eit smalare utval. Produsentar av småskala spesialprodukt vil vere blant taparane dersom utviklinga går i slik retning, og det omfattande nasjonale arbeidet innan matkultur og matmangfald kan då langt på veg vere forgjeves.


Fylkesmannen er vidare uroa over auka bruk av eigne merkevarer (EMV) hjå kjedeaktørane, og om dette og vil føre til nedprioritering av innovasjon. Erfaring viser at nye produkt som blir lanserte av utviklingsorienterte verksemdar, relativt raskt blir kopierte.

Eit moment som, etter vår vurdering, har vore lite framme i debatten er om vertikal kjedemakt eller "silodannelse" vil vere ein trussel mot distriktslandbruket. Vi kan dra parallellar til den erfaringa vi har med private aktørar, der dei etablerar seg i sentrale strøk og trekker til seg store produsentar som ligg i kort avstand til foredlingsanlegg. Dei lokkar med kort inntransport, ofte ingen eller kort


innmeldingsfrist for slaktedyr, høgare produktpris og gunstig finansiering til bygging av produksjonslokale. Denne utviklinga forsterkar sentraliseringa, strukturutviklinga og miljøutfordringane i primærleddet. Dei mindre produsentane, og ikkje minst produsentane i distrikta vil ikkje vere etterspurde leverandørar til desse varemottakarane. Deira framtidige konkurransekraft vil vere heilt avhengig av at dei bondeieigde selskapa kan konkurrere på like vilkår. Dersom så ikkje skjer, kan viktige område i distrikta bli tekne ut av produksjon, fagmiljø blir utarma og det blir ein negativ trend som rører ved andre viktige samfunnsselement som busetting, sysselsetting osv.

Fylkesmannen i Rogaland vil oppmode om at det viktige arbeidet med *NOU Mat, makt og avmakt* blir vidareført i ei stortingsmelding, og at verknaden av kjedemakt for strukturen i primærproduksjonen også blir tydelegare drøfta.

Med helsing



Harald Thune
fylkesmann



Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Saksbehandlar: Eli Munkeby Serigstad
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 62
E-post: eli.serigstad@fmro.no